

Årsmelding YST 2015

YST femner om kommunane Gulen og Solund. Det er Barnas Turlag i begge kommunane

YST har i 2015 218 medlemmer. Dette er ein auke på 21 % frå i fjor ☺

Medlemstala er fordelt med 114 medlemmer i vaksent lag, rekna frå 20 år og oppover.

Barnas Turlag har til saman 56 medlemmer rekna frå 0 – 12 år.

Dnt ung har 48 i aldersgruppa 12-19 år

YST har pr 2015 ikkje eiga gruppe for Seniorar.

Barnas Turlag Solund og Gulen har egne årsmeldingar.

Det har i 2015 vore søkt midlar frå ulike stader, og responsen på midlar har vore god.Sjå Rekneskapen.

Johny Birkeland Transport as har inngått ein 3 årig avtale med 10 000,- pr år i sponsormidlar.

1. Samansetting av tillitsvalde i YST 2014 har vore slik:

Styret

Leiar	Wenche Midthun
Nestleiar	Tor Arne Hauge
Kasserar	Ron Overdevest
Skrivar	Synnøve Engen
Styremedlem	Kari Einen

Vara 1. Linda Hantveit 2. Kåre Wergeland . Trond Osland

Revisorar

Hildegunn Rutledal Ragnar Mundal

Barnas Turlag Gulen :

Monica Reknes – leiar, Kari Furnes, Linn Dyveke Wilberg, Gunnar Bøe og Håvard Tveit

Barnas Turlag Solund:

Trond Osland – leiar, Ingvill Storøy, Ingrid Elvevåg , Steinar Tangen og Anne Lerpold.

DNT Ung gruppa YST:

Dorthea L.Hauge – leiar, Hedda Mårstig, Margit H. Breidvik, Solveig Takle, Silje Sundal, Åsne L.Hauge

2. Møteboka til styret

Det har vore helde 8 styremøter. Til møta har også Leiarane i begge BT vore innkalla- og delvis møtt. I tillegg har Linda Hantveit vore innkalla som 1.vara.

Møta har vore vekselvis helde hjå Wenche Midthun og Linda Hantveit.

Viktige saker gjennom 2015:

- Konstituering av styret i første møte 02.12.14
- Kurs: Det har vore 1 i YST sin regi i 2015. Det deltok totalt 16 stk på kurs. Det er aktiv soppstaking som ein del av kurset.
-

3. Turar

- 12.april gjekk me Losnedalsrunden i friskt ver; skodde, vind, regn og hagl. Einar Losnegård var turleiar og kjentmann. Han gjorde turen ekstra minnerik for dei 15 deltakarane, med sine mange historiar frå Losna.
- Fellesturen i 2015 gjekk på Lihesten. Me gjekk opp Nipestien – det var litt spektakulært, deretter til 3L stølane ,og nedatt til Lekva. 17 stk deltok. Jens Christian Lundeland var turleiar, og losa oss trygt både opp og nedatt – stor takk til han. Det var også veldig kjekt å ha med oss kjentmann som kunne fortelje om natur og kulturhistorie på vegen.
- Bjørn West marsjen – kort løype gjekk av stabelen 22.08, med ca 350 deltakarar i normalt BW ver- altso regn.
- Elles har YST arrangert Opptur på den nasjonale oppturdagen i mai – der var 4 skular med Det var arrangement både i Gulen og Solund. 10 elevar frå 8.klasse i Solund vart skyssa til Alden og gjekk til topps i frisk vind.
- Det har vore 5 Kom Deg Ut arrangement – 4 i Barnas Turlag, og 1 i YST regi. Det var i september der turen gjekk på Kjerringnova utanfor Eivindvik
- Friluftslivets år vart markert både i januar- med 2 overnattingar ute – i Gulen(Brekke og Eivindvik) samt 1 i Solund.
Det vart også arrangert natt i naturen frå 5 – 6 september på Gulatingsstaden på Flolid- dette i samband med KDU dagen 6 september..
- Samarbeid med Ytre Gulen Idrettslag i arrangering av 3 – fjellsturen – dette var ein suksess i år som i fjor ☺ - Me håper at dette vert ein tradisjon. Det var også i år avslutning av dagen på Skjerjehamn, med utdeling av diplom mm.
- Vardetur 1.mai i Eivindvik var samarbeid med Eivindvik IL.
- 23.august var det Ramnenipa Opp i samarbeid med SIL.
- Utanom dette har det vore 3 gjennomførte turar i YST sin regi.
- **Ungdommen** har vore satsa på i 2015 . Det har vore arrangert 3 helgeturar med ungdom ; Sjå eigen årsmelding. Dette har vore ein stor suksess, og vi i styret meiner dette er vegen å gå for å få med oss dei unge som ved ca 12 års alder går ut av BT og som gjerne er litt unge til å synes at alle YST turane er ok. Dei vil gjerne ha litt meir fart og spenningDet vart i 2014 vedteke på årsmøtet at YST skulle ha DNT ung gruppe. Denne har no fungert i 1 år, og har levert eiga årsmelding
- Det har totalt vore arrangert 24 turar i YST regi. 3 turar er avlyste. Skiturane i Stordalen var avlyst grunna mangel på snø.
- Det har vorte arrangert 3 helge campar for ungdom i alderen 11-16. Tilsaman har det vore 115 deltakarar på desse campane.
-
- YST har og vore med som samarbeidspart i utforming av prosjektet Draumeplassen i Solund. Prosjektet var ein av to vinnarar i konkurransen Draumeplassen som vart kåra i 2015.
-

Totalt har det vore ca 1200 personar med YST på aktivitetar i 2015. Dette er nesten 1/3 av innbyggjartalet - noko me er svært nøgd med ☺

4. Turpass I 2015 bestemte vi oss for å lage eit turpass. Dette skulle vise meir av kva YST står for, samt vere eit klippekort for visse turar med klippetang på post. Dette har me fått svært gode tilbakemeldingar på, og har bestemt oss for å vidareutvikle for turåret 2016- all honnør til Tor Arne, Kari og Mark som i hovudsak har stått bak dette arbeidet. Turpasset er distribuert til alle husstander i Gulen og Solund
Turar og arrangement vert også annonsert ved plakatar, heimeside, facebook, aviser.

5. **Heimeside** Det har i løpet av 2015 blitt utvikla ny heimeside for heile DNT, og YST har utvikla si side parallelt- dette har de sikkert lagt merke til, og den som har jobba mest med dette har vore Kari ☺ Tusen takk for god innsats her.
6. **Friluftslivets år 2015**
Vi har hatt møte med administrasjon og ordførarar i begge kommunar. Begge ordførarar overnatta saman med Turlaget /mange ander i januar. Der var også overnatting i starten av september på Gulatingsplassen .
7. **Anna**
 - Haustmøte 2015 var 24-25.10 i Selje. Der var fylgjande representerte frå YST: Wenche Midthun og Kari Einen frå hovedstyret, Monica Reknes frå BTG og Trond Osland frå BTS. I tillegg var Linda Hantveit der og holdt innlegg i fht Friluftsskulen, og Ron Overdevest for SFT – Naturverngruppa.

Sponsor

Leiar har vore i samtale med Johny Birkeland Transport AS om sponsormidlar. Det blir skreve avtale om 10 000,- pr år over 3 år. Dette vert gjort etter at rekneskap og årsmelding for 2014 er ferdig og godkjent av årsmøtet.

Wenche Midthun
leiar